




# Melding om arbeidet

## 2021



Søre røysa i Sletten er den største på vestlandskysten, 38 meter brei og fem meter høg.

Arbeidet med kulturminneløypa med gravrøyser frå Botnane til Åebrot vart avslutta i 2021. Fylkesordførar Jon Askeland opna løypa i strålande ver den 30.mai og godt med folk.



## Gjort og fått til mykje i 2021

Botnane og Årebrot grendalag har stor aktivitet og arbeider med fleire saker som er viktige for bygdene. I strålende vær vart kulturminneløypa med dei over 40 gravrøysene langs stranda frå Botnane til Årebrot opna av fylkesordførar Jon Askeland. Med det var eit omfattande arbeid ferdigstilt – og eit viktig kulturminne er synleggjort for både bygdefolk og tilreisande.

Kulturminneløypa saman med Diktarstien og turstiane gjer at folk som vil vitje dei to bygdene har mykje å sjå og gjere. Krigsminne på Roska i Breivika kan dei også besøke.

Også i år har aktiviteten vore påverka av smittesituasjonen og korona, men dei fleste aktivitetane vart gjennomført. Både 17.mai-feiring, jonsokfeiring, sommarbasar, hjortefest og nokre få søndagskafear.

Grendalaget gjennomførte for fyrste gong bygdedagar eller ei sommarhelg med fleire aktivitetar og tilbod, i tillegg til sommarbasaren. Det var så vellukka at det vart foreslått å prøve det også komande sommar.

Overdraginga av Årebrot grendahus frå partslaget til grendalaget er no gjennomført og grendalaget har fått skøyte på eigeidomen. Med det har grendalaget to hus å drifte og vedlikehald. Det er ikkje endeleg avklara kor mykje midlar vi får i samband med overtakinga.

Medlemstalet har auka vidare i 2022, og det er registrert at 140 har betalt medlemskontingent. Det er folk som bur her fast, folk som har hus/hytte her, og mange som kjenner tilknytning til bygdene og vil følgje med og støtte arbeidet. Det set styret i grendalaget pris på!

*Fylkesordførar Jon Askeland får hjelp av ordføraren i Bremanger, Anne Kristin Førde med å få kjede rett på før den offisielle opninga av kulturminneløypa.*





*Styret i grendalaget i 2022, frå venstre Åsmund Berthelsen, Nina Seljestokken, Tone Seljestokken, Helen Aasen og Vetle Aase Øvrebotten*

## Styret

i 2022 har vore: Åsmund Berthelsen (leiar og kasserar), Nina Seljestokken (nestleiar) og styremedlemmene Vetle Aase Øvrebotten, Tone Seljestokken og Helen Aasen. Varamedlemmer har vore: 1. Jens Anders Sunde 2. John Magne Sande og 3. Jurate Tamosiuniene. Sigfred Nøttingnes har vore revisor. Styret har hatt to-tre møte og elles hatt kontakt via messenger. Varamedlemmene vert kalla inn til styremøte og har også møtt.



*Alle som var med på bussturen frå Sletten til Villevika på opninga av kulturminneløypa, samla ved Opnarhella*

## Kulturminneløypa opna

Søndag 30. mai 2021 opna fylkesordførar Jon Askeland i Vestland fylkeskommune kulturminneløypa Botnane - Årebrot, med fem skilt om eit gravrøyslandskap med vel 40 gravrøysar frå bronse-og

jernalderen. Dei fire store gravrøysene i Botnane er av dei fremste og best bevarte kulturminna frå bronsealderen i Norge, og syner at Botnane var eit maktsenter i bronsealderen. Søre røysa i Sletten er den største på vestlandskysten, 38 meter brei og fem meter høg.

Det var i utgangspunktet dei fire gravrøysene i Botnane Riksantikvaren ynskte å merke og gjere meir tilgjengelege for folk. Men Botnane og Årebrot grendalag ville sjå heile kulturlandskapet i heilskap og difor vart det skilt både i Sletten, Sørbotten, Opnarhella, Seljestokken og på Villevika. Det var eit godt samarbeid mellom grendalaget og arkeolog Berit Gjerland i Vestland fylkeskommune om denne kulturminneløypa. Åsmund Berthelsen hadde ansvaret for dugnadane med å rydde og ta ned tre og vegetasjon kring gravrøysene. Grendalaget fekk støtte frå Bremanger næringsfond til å lage ei utkjørsle i Sørbotten slik at det vart betre plass til besøkande ved Storrøysa der, og kommunen hjelpte til med å sette opp skilta i Botnane. Kinn kommune var med å betale skilta i Seljestokken og på Villevika. Det same var Flora historielag og Seljestokken båtverkstad.



*Med støtte frå næringsfondet i Bremanger fekk grendalaget bygd ei enkel utkjøring ved den store røysa i Sørbotten.*

Det vart laga ei eiga nettside om gravrøysene som ein del av prosjektet, ho ligg på heimesida [www.Botnane.no](http://www.Botnane.no). Det er QR-kodar på alle skilta slik at ein via mobilen kjem direkte til denne sida og kan få meir informasjon enn det var plass til på skilta. Arkeolog Berit Gjerland og Magni Øvrebotten utarbeidde teksten på skilta og plasseringa av dei. Seinhaustes kom det opp sokalla «kringleskilt» i Myklebustkrysset som syner veg til kulturminna. I stranda nord for Botnane står også ei skilt som viser kor langt det er til fyrste gravrøysa i Sletten.

Arbeidet med gravrøysane/kulturminneløypa har eigne postar i rekneskapen. Dei syner at grendalaget sit att med om lag 30.000 kr som betaling for alt dugnadsarbeidet. Styret i laget vedtok også å betale noko honorar for arbeidet med å administrere og utarbeiding av tekst.

### **Fleire tinga omvisingar på Dikarstien**

Dikarstien i Botnane, med dikt av Jan-Magnus Bruheim, er skilta og har eiga side på [www.Botnane.no](http://www.Botnane.no). Dikarstien er laga til slik at folk kan gå han utan fylgje av omvisar, og mange gjer det. Dei fyrste åra etter opninga i 2018 har Magni Øvrebotten hatt tillyste og gratis guida omvisingar ein søndag i månaden frå april til oktober, i samband med søndagskafeane. Med jamt bra med folk fyrste åra, men med minkande oppslutning etter kvart.

I 2021 var det berre ei slik omvising utanom den godt besøkte omvisinga 24. juli 2021, under Bygdedagane. No er det **førehandstinga omvisingar** det er mest interesse for, for ulike grupper og lag. Hausten 2021 var det fire slike, som det vart betalt for. Vi ser for oss å halde fram med det og informere om tilbodet på nettsida og fjesboksida til grendalaget. Til denne tid har vi teke kr. 500 for eit par timars omvising for inntil 12 personar. Sidan dei fleste skilta står langsmed fylkesvegen kan



dei som må køyre gjere det, medan andre går frå Jørnjorda til gravstaden. Betalinga går til grendalaget som eig Diktarstien i Botnane.

Kor mange som besøker Diktarstien i året er det vanskeleg å seie noko sikkert om, for det er ikkje alle som skriv seg opp i gjesteboka, men ein stad mellom 80 og 100 menneske er det nok.

### Bygdedagane 23.-25. juli 2021



Styret for grendalaget ynskte å prøve noko nytt for å gje folk eit høve til å besøke området Botnane-Årebrot, og samle ein del arrangement, både for fastbuande og ferierande.

Fyrste arrangementet, fredag 23. juli, var opninga av skulptursamlinga etter Aase Botnmark (1927-2012), fødd Øvrebotn. Det kom åtte personar og Magni Øvrebotten fortalde om Aase Botnmark og kunsten hennar. 22 skulpturar er samla i den gamle skulestova i Botnane grendahus. Grendalaget har gjort avtale med Bremanger kommune om å hyse skulptursamlinga i grendahuset.

Familien til Aase Botnmark har deponert delar av kunsten hennar til Bremanger kommune fordi Aase Botnmark ynskte det. Frå 2016-2021 var skulpturane på Kulturhuset Heimen i Bremanger, men Heimen skal selgast og dermed kom kunsten til Aase heilt heim. «God tur heim, mor» skreiv ho på gråpapiret då vi i 2005 kjøpte bronseskulpturen «Ho mor i ank», som står i forsamlingslokalet i Botnane grendahus.

### **Turar til Uradalen og Opnaren**

Laurdag 24. juli var Håkon Årebrot leiar for ein guida tur frå Årebrot til Husefest med elleve deltakarar. Turen starta med at Fridtjov Urdal fortalde litt om korleis utmarka vart nytta i tidlegare tider. I Uradalen var det fleire tømmerdrifter på 1800-talet og framover, og vasskrafta vart nytta til sagbruk.

Søndag 25. juli var Rune Nordbotten guide for ni til fjellet Opnaren, som ruvar over Sørbotten. Derifrå er det eit vidt utsyn både sørover stranda til Husefest og over Frøysjøen og Botnane. Turen til Opnaren er ei av fleire turløyper som er merka dei siste åra, som vi må få lagt inn på Ut.no.



### **Omvising på Diktarsti og gravrøyser**

Laurdag 24. juli var 16 personar med på omvisinga på Diktarstien i Botnane, dei fleste kom frå Austlandet. Mellom dei åtte slektningar av framhaldskulelæraren Doro Heyerdahl, som hadde både Tor Jonsson og Jan-Magnus Bruheim i skulen. Ho betydde mykje for at Bruheim vart forfattar og det var tydeleg at ho hadde lært slekta si om diktinga hans.

Søndag 25. juli var 14 påmelde med på omvisinga på Nøre- og Søre røysa i Sletten. Vi tok utgangspunktet i hovudskiltet for kulturminneløypa Botnane-Årebrot. Søre røysa er den største på vestlandskysten, og i Nøre røysa ser ein gravkammeret. Dei som ynskte å sjå fleire av gravrøysene køyrde sjølv Frøysjøvegen og brukte skilta og QR-kodane på dei, som fører fram til nettsidene om gravrøysene.



### Basaren 25.juli

Bygdehelga vart avslutta med basar på Årebrot grendahus søndag 25. juli, med godt frammøte. Det var loddsal både før og under basaren og inntekta vart på om lag 30.000 kroner. Dei kjem vel med til vedlikehald av grendahusa og ulike aktivitetar i grendalaget sin regi.



### Jonsokfeiring og fiskekonkurrans

Jonsokfeiringa på Jørnjorda har vorte tradisjon og det var bra frammøte også i 2021. Det var John Magne Sande og Arve Nøttingnes som styra med bålet. Nytt av året var det at grendalaget kjøpte inn to grillar til bruk ved slike høve. Dei er stasjonerte i grendahuset på Årebrot.

10. juli var det fiskekonkurransen i Nøre dalen, med Vetle Aase Øvrebotten, som primus motor. Den har også vorte tradisjon, og der deltek både store og



små fiskarar. Det er premie for både den lengste og kortaste fisken. Femten deltakarar fekk på land 35 fiskar

### Søndagskafeane

I 2022 har vi berre hatt nokre få søndagskafear og oppslutnaden om kafeane har gått ned. Det er størst oppslutnad om kafeane når vi har eit tema eller ein programpost. Så det lyt vi få til på komande søndagskafear. Og tidspunktet vi har dei, må vi også drøfte.

### Hjortefesten

Den tradisjonelle hjortefesten vart arrangert 20.november i 2021. Då var det 25 år sidan at festen vart arrangert for fyrste gong! På festen er det god mat, gode samtalar og biletglimt frå årets jakt. På festen i år vart to nye innbyggjarar i Botnane ynkt velkomne!

### Strandryddeaksjon

I 2021 hadde vi strandryddeaksjon laurdag den 5.juni og fekk rydda mykje i fjæra sørover frå Botnane, og vi fekk rydda også sist rest kring den store røysa i Sørbotten. Fekk tilkøyr container som vi fylte opp, godt og vel, og som vart henta. Vi må legge opp til å ha årleg strandryddeaksjon. På Årebrot ryddar dei utanom den dagen og leverer innsamla avfall på kaia på Villevika der det vert henta.

### Heimeside

Grendalaget har eit svært profesjonelt opplegg med med både heimeside (<https://botnane.no>) og side på fjesboka (<https://www.facebook.com/groups/1397763987156044>) der det er 767 medlemmer. Vi har ikkje oversikt på kor mange som vitjar heimesida.

På heimesida vert det lagt ut stoff om aktuelle saker, intervju med personar, reportasjar og historisk stoff. Når det er lagt ut nytt stoff på heimesida vert det lagt ut melding på fjesboka. Heimesida vert lagt merke til, og vert omtala som den beste av liknande sider i regionen. Det er Magni Øvrebotten som er redaktør og som skriv det meste av tekst og biltete på heimesida. Magni Øvrebotten og Bjørg Kleiven står som administratorar av sida vår på fjesboka.





## Husa våre

Mest alt vi hadde på planen for grendahusa er gjort. Grendalaget har overtatt og eig no Gnr.11 Bnr.31 Årebrot Grendahus PL vederlagsfritt. Etter klage slapp vi også å betale dokumentavgift og betalte berre registrering av skøyte. Det er ikkje endeleg avklara kor mykje midlar som vil verte overført frå partslaget til grendalaget i samband med overtakinga.

Ytterdørane er heilt ferdige i grendahuset i Botnane, og det er sett inn nytt glas etter det som var øydelagt. Vi fekk måla ein del av vestveggen på huset. Det står att noko som må gjerast komande vår/sommar. Styret har lagt opp til at ein vil leige meir hjelp til diverse vedlikehaldsarbeid på grendahusa. På Årebrot er det også gjort vedlikehaldsarbeid.

Utleige av leiligheta i Botnane til DS Seljestokken Aggragates vart avslutta i juni 2022 etter at både husvære og kjellar var utleigd i ein periode då det var høg smitte pga korona. Husværet har vore utleigd ei og anna veke og nokre dagar sidan. Husvære har vore kunngjort som ledig, og det meldte seg ein interessert. Med vedkomande sa det nyleg frå seg. Så pr. dato er husværet ledig.

## Ikkje fått gjort – endå...

Grendalaget har ikkje kome i gang med å lage sti ned til fyrlykta og sitteplass i Vikja. Difor står det på planen i 2022. Tiltaket må avklarast med grunneigar.

Vi har undersøkt pris, og om det er mogleg med solceller til gatelys i Sørbotten. Vi må kome i gang med å søkje midlar til gatelys og lage ein plan for dette. I tillegg bør vi arbeide for å få til eit buskur eller liknande i Sørbotten.

Vi har ikkje kome lengre med å legge turstiane inn på ulike digitale kart og plattformer, mellom anna ut.no. Det er heller ikkje merka fleire nærturar og ein kom ikkje i gang med stolpejakt/turorientering.



*Frøysjøvegen må utbetrast frå Myklebustkrysset til Villevika - og gjennom Botnane må det verte redusert fartsgrense!*

## Må arbeider vidare med – og stå på!

Vi er endå ikkje i mål med å få skikkeleg breiband (fiber) til bygdene. Vi er lova å få det våren 2022 i Botnane. På Årebrot er det uvisst kva tid det vil kome, men det står på kommunen sin plan. Grendalaget må stå på vidare for å få dette realisert. Og det hastar. I Botnane må vi også arbeide vidare for å få betre mobildekning i Øvrebotten. Det også hastar. Og det er lova at det skal kome. Både breiband og betre mobildekning står på forslaget til arbeidsplan for 2022.

Det må også arbeidast vidare med å få utbetra Frøysjøvegen, fylkesveg 577. Vi har konkret teke dette opp med fylkeskommunen og grendalaget har sendt uttale til regional transportplan der vi ber om at vegen vert prioritert for betre vedlikehald og utbetring. Det må sendast ny fråsegn no når framlegg til investeringsprogram for fylkesvegar er på høyring. Endeleg avgjerd på programmet skjer på fylkestinget i juni i år. Fylkeskommunen må auke løyvingane både til vedlikehald av fylkesvegane og til utbetringar av smale og svingete vegar i dei mindre bygdene! Bremanger kommune har støtta dei innspela vi har hatt mot fylkeskommunen.

Vi må ny ta opp spørsmålet om redusert fartsgrense gjennom Botnane. Spørsmålet om vidareføring av fylkesveg 577 sørover mot Florø er teke opp på høyringsmøte med plan-, miljø- og næringsutvalet i Kinn kommune den 2.februar. Innspelet bør også verte gjort skriftleg.

Grendalaget har teke opp spørsmålet om å få fleire stjernestopp for Kystekspresen på Villevika og kjem til å følgje dette vidare opp.

### **Økonomi**

Rekneskapen for 2021 er gjort opp med eit positivt driftsresultat på 267.154 kr mot 212.000 kr som var budsjettert. Driftsresultatet hadde vore mykje betre om vi hadde motteke betaling for leige av tomta til brakkene ved grendahuset på Årebrot, om lag 70.000 kr for 2021.

Det er leigeinntekter for utleige av husvære og tomt som er hovudinntekta til grendalaget. Også støtte frå Guleslettene vindkraftverk utgjør no ein betydeleg del av inntektene. Inntektene på basaren er også bra, kring 30.000. Og med kring 140 betalende medlemmer betyr det også ei god inntektskjelde. Grendahusa gjev inntekt, men dei utgjør også den største utgiftsposten. Det har ikkje vore ekstra utgifter med huset på Årebrot. Der handlar det om straum, tilsynsgebyr avløp, renovasjon og ein del utstyr. Det er kjøpt inn ny vaskemaskin. For grendahuset i Botnane har vi dei same utgiftene, men har brukt midlar til å gjere ferdig ytterdørene i huset og sett inn eit nytt glas i tredje etasje.

Grendalaget har etterkvart eit omfattande rekneskap og styret må vurdere om ein skal leige nokon til å føre rekneskapen.

Konklusjonen er at grendalaget har solid økonomi, men også forplikingar og ansvar som krev det.

Sjå elles kommentarar til rekneskapen.

### **Takk**

til alle som har stilt opp og delteke på dei arrangementa som har vore – og til dei som har teke i eit ekstra tak for å få til ting!

11.mars 2022 Åsmund Berthelsen (leiar i styret)